# 30/25-B
# STRATEGISKE PRIORITERINGAR I DIMENSJONERING AV STUDIEPORTEFØLJEN

Anne-Grethe Naustdal

Prorektor utdanning
Styremøte 12.juni  2025



# Bakgrunn

- UH-institusjonane har eit sjølvstendig ansvar for dimensjonering av utdanningskapasiteten
  - Konkurransen om kompetent arbeidskraft er ein av dei største utfordringane for Norge i åra fremover
- KD set mål om utdanningsaktivitet og tilhøyrande aktivitet knytt til heile samfunnsoppdraget

- UH-institusjonane si basisfinansiering er knytt til tildeling av finansierte studieplassar
- KD følgjer i si styring opp korleis finansierte studieplassar blir fylt opp med studiepoengproduksjon. Spesielt gjeld dette politiske prioriteringar i lys av framskrivingar av kompetansebehov.












# Formålet med saka

- Sikre at HVL dimensjonerer og nyttar utdanningskapasiteten, og samstundes tek i vare heilskapen i samfunnsoppdraget innan utdanning, forsking og innovasjon, slik dette er formulert i Strategi for HVL 2023 – 2030

- Følgje opp den nyleg vedtekne rammefordelingsmodellen gjennom å etablere styringsprinsipp og strukturar som verkemiddel for at HVL kan nå sine samla målsettingar
  - Ny rammefordelingsmodell har ikkje lagt inn føringar for endring i basis i form av omfordeling av studieplassar mellom fakultet. Dette skulle følgast opp gjennom særskilte vurderinger knytta til studieportefølje og budsjett i styret.

**Strategiske ambisjonar og overordna mål**

Fram til 2030 har vi tre strategiske ambisjonar og seks overordna mål.

**Utdanning og forsking for samfunns- og arbeidslivet**

Vi skal halde fram med å styrkje kvaliteten i utdanning og forsking for å fremje eit velfungerande samfunns- og arbeidsliv og for utviklinga av det norske velferdssamfunnet. Utdanninga og forskinga vår er integrert og tett på arbeidslivet. Dette er berebjelken for å byggje menneske og samfunn, og for å bidra til å løyse samfunnsutfordringar.



Les meir om måla for utdanning og forsking ›

**Ei sterk innovasjonskraft**

Høg kompetanse og mangfald blant tilsette og studentar, eit stort geografisk nedslagsfelt og tette relasjonar til samfunns- og arbeidslivet gjer oss til ein sentral innovasjonsaktør. Innovasjonsarbeidet vårt bidreg til sosial, miljømessig og økonomisk berekraft.



Les meir om måla for innovasjonsarbeidet vårt ›

**Ein ambisiøs samfunnsaktør**

Som eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet fremjar vi vitskaplege tenkjemåtar, akademisk fridom og kunnskapsbaserte avgjerder. Vi er det inkluderande, utfordrande og samhandlande fleircampusuniversitetet på Vestlandet. Vi er den føretrekte kunnskapspartnaren i regionen, og vi har stort truverd og eit godt omdømme.



Les meir om måla for vårt samfunnsbidrag ›

# Etablere to styringsprinsipp

**Styringsprinsipp 1**

Vurdere basisfinansiering ut frå dimensjonering av studieporteføljen og aktivitetsutvikling innanfor samfunnsoppdraget

- Om lag kvart 4.år
- Finansiering primært gjennom omfordeling av basismidlar
- Avsetningar og verksemdskapital kan nyttast strategisk og/eller risikoreduserande

**Styringsprinsipp 2**

Vurdere midlertidig finansiering av studieporteføljen og andre tiltak

- Kvart år
- Finansiering primært gjennom strategiske midlar

# Tidslinje for styringsprinsippa, 2025-2030



# Vurderingane vil ta utgangspunkt i følgande grunnlag:

- Finansieringskomponentar i fakulteta sine økonomiske rammer

- Fem prinsipp knytt til strategisk utvikling og dimensjonering av studieporteføljen

- Basisfinansiering/finansierte studieplassar sett i høve til studieaktivitet

# Moglege konsekvensar

**Alle strategiske vegval vil ha med seg ein risiko i høve til om dei samla sett vil bidra til større måloppnåing**

**Omfordeling av midlar mellom fakulteta kan gje oss:**

- ei samla studieportefølje som i større grad er i tråd med studentane sin etterspurnad og samstundes bidra til betre dekking av kompetansebehovet
- tilstrekkeleg balanse i samfunnsoppdraget til alle fakulteta
- utfordring med å oppretthalde utdanningstilbod på campus med dårleg rekruttering
- rekrutteringsutfordringar på små campus kan ytterlegare forsterkast
- utfordringar med arbeidsmiljø

- Omfordeling må sjåast i samanheng med fakulteta si samla utvikling i økonomiske rammer, og aktuelle risikoreduserande tiltak må vurderast.